



Møteinnkalling

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, kommunestyresalen
Dato:	24.09.2024
Tid:	14:00

Dagsplan 24. sept.:

Kl. 12.00 – 13.45 Kurs om «habilitet», v/ Didrik Inderhaug i Deloitte.

Kl. 13.45 – 14.00 Matpause (ta med niste)

Kl. 14.00 – Kontrollutvalsmøte

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982, hogne.haktorson@vlfk.no . Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er så langt ikkje meldt om avbod til møte.

Tarjei Aamot Haga
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.05.2024	2023/470	
	Politiske saker		
PS 26/24	Kommunedirektøren orienterer om postlistene i Stord kommune	2023/469	
PS 27/24	Revisjonsplan og risikovurdering i høve etterlevingskontroll 2024 for Stord kommune	2023/476	
PS 28/24	Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune - prosjektplan	2024/98	
PS 29/24	Budsjett 2025 for kontrollarbeidet i Stord kommune	2023/486	
PS 30/24	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2023/472	
PS 31/24	Eventuelt	2023/468	
	Referat saker		
RS 13/24	Partnerbytte	2023/514	
RS 14/24	Kommunestyrevedtak 30.05.2024 - utdrag	2023/477	
RS 15/24	Kommunestyrevedtak 17.06.2024 - utdrag	2023/477	
RS 16/24	Nytt fra FKT juni 2024	2022/33	
RS 17/24	Årsmøteprotokoll FKT 2024	2022/33	
RS 18/24	FKT - Medlemsinformasjon september 2024 - Invitasjon til webinar	2022/33	
RS 19/24	Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene	2022/33	
RS 20/24	Oversending av 30 journalpostar om generalforsamling mv.	2023/475	
RS 21/24	VS: Protokoll frå generalforsamling i Sunnhordland lufthavn AS	2023/475	

GK 7/24 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2023/470-16
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	8/24	24.09.2024

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.05.2024

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.05.2024 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll etter møte i Stord kontrollutval 15.05.24

**Møteprotokoll**

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	15.05.2024
Tid:	14:00 - 16:15

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tarjei Aamot Haga	Leiar	AP
Nils Magne Blålid	Nestleiar	SV
Fredrik Litleskare	Medlem	H
Randi Høgås Nesse	Medlem	UAVH

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Inga Margrethe Fagerbakke	MEDL	AP

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Vigdis Olsen	Inga Margrethe Fagerbakke	AP

Andre som møtte

Namn	Stilling
Tommy Johansen	Kommunedirektør (Sak PS 15 – 16/24)
Marianne Heggholmen Aarbø	Økonomisjef (Sak PS 15 – 16/24)
Inge Espenes	Einingsleiar, Stord Hamnestell (sak PS 15/24)
Else Holst-Larsen	Partner i Deloitte AS (Sak PS 15 – 17/24)
Annbjörg Ryssdal	Manager i Deloitte AS (forvaltningsrevisor)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, sekret. for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune
Stian Skår Ludvigsen	Seniorrådgjevar, sekret. for kontr.utv. i Vestland fylkeskommune

Tarjei Aamot Haga
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 5/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.04.2024	2023/470	
Politiske saker			
PS 15/24	Årsrekneskap og årsberetning 2023 for Stord hamn - Uttale frå kontrollutvalet	2023/476	
PS 16/24	Årsrekneskap og årsberetning Stord kommune for 2023 - Uttale frå kontrollutvalet	2023/476	
PS 17/24	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune	2024/52	
PS 18/24	Plan for forvaltningsrevisjon i Stord kommune for perioden 2024 - 2028	2023/391	
PS 19/24	Plan for eigarskapskontroll i Stord kommune for perioden 2024 - 2028	2023/475	
PS 20/24	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2023/391	
PS 21/24	Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge, oppfølging	2022/201	
PS 22/24	Kurs i regi av Deloitte hausthalvår 2024	2023/471	
PS 23/24	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2023/472	
PS 24/24	Eventuelt	2023/468	
Referat saker			
RS 10/24	Saksprotokoll frå KST 25.04.24 - Kontrollutvalet - årsmelding 2023	2024/49	
RS 11/24	Statsforvaltaren i Vestland - budsjettbrev 2024 Stord kommune	2023/476	
RS 12/24	Nytt fra FKT april 2024	2022/33	
Politiske saker			
PS 25/24	Ekstern revisor ny konkurranse - fullmakt til kontrollutvalet	2023/514	

GK 5/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

GK 6/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.04.2024

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.04.2024 vert godkjent.

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til møteprotokollen.

Møteprotokollen vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.04.2024 vert godkjent.

PS 15/24 Årsrekneskap og årsberetning 2023 for Stord hamn - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2023 har driftsinntekter på kr. 17.865.000 og eit netto driftsresultat er på kr 2.512.000. Det gjev eit driftsresultat på 14,06 % (Sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt over tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamn for året 2023, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
3. Uttalen vert send kommunestyret via utval for byutvikling og/eller via formannskapet.

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Hamnesjef Inge Espenes svarte på spørsmål til framlagt årsmelding og årsrekneskap.

Forslaget til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2023 har driftsinntekter på kr. 17.865.000 og eit netto driftsresultat er på kr 2.512.000. Det gjev eit driftsresultat på 14,06 % (Sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt over tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamn for året 2023, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
3. Uttalen vert send kommunestyret via utval for byutvikling og/eller via formannskapet.

PS 16/24 Årsrekneskap og årsberetning Stord kommune for 2023 - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2023.

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef Marianne Heggholmen Aarbø orienterte om årsrekneskapen og årsberetninga for Stord kommune, og svarte på spørsmål.

Rekneskapsrevisor i Deloitte, Else Holst-Larsen, gjorde greie for avlevert rein revisjonsberetning og funn frå kontrollar, og svarte på spørsmål.

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2023.

PS 17/24 Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Else Holst-Larsen, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor i Deloitte, Else Holst-Larsen, gjorde greie for eigenvurderinga.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Else Holst-Larsen, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

PS 18/24 Plan for forvaltningsrevisjon i Stord kommune for perioden 2024 - 2028

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innfor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Annbjørg Ryssdal, fasiliterte i prosess med val og prioritering av prosjekt til plan for forvaltningsrevisjon. Dette bygde i hovudsak på risiko og vesentlegvurdering (ROV) og utkast til plan.

Etter at prosessdelen var gjennomført, bearbeidde revisor utkast til plan på bakgrunn av kontrollutvalet sine innspel.

Kontrollutvalet blei einige om følgjande prioritering:

1. Rus og psykisk helse
2. Heimebaserte tenester
3. Skulemiljø
4. Berekraft og klima
5. Vatn og avløp
6. Barneverntenesta (Sunnhordland interkommunale barnevern – SIB)
7. Bemanning, personalforvaltning og sjukefråvær

I tillegg blei det lagt inn følgjande uprioriterte prosjekt i planen:

- Anskaffingar og kontrakts- og leverandør oppfølging
- Arbeidsmiljø ved skulane
- Drift, veg og grønt
- Habiliteringstenesta
- Individuell tilrettelegging og tilpassa opplæring
- Informasjonstryggleik og personvern
- Investeringar
- Legeteneste
- SIM (Sunnhordland interkommunale miljøverk)
- Tenestekontoret
- Vaksenopplæring

Kontrollutvalet ønskte å gi skryt til revisor for god ROV-analyse.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

PS 19/24 Plan for eigarskapskontroll i Stord kommune for perioden 2024 - 2028

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer

- mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til kommunestyret etter kvart.

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Annbjørg Ryssdal, orienterte om forslag til prosjekt til plan for eigarskapskontroll. Dette bygde på risiko og vesentlegvurdering (ROV) og utkast til plan.

Analysen til Deloitte gir to forslag til prosjekt:

- SIM
- Stord kommunale utviklingsselskap

Kontrollutvalet blei enige om følgjande prioritering:

- Stord lufthamn
- Stord kommunale utviklingsselskap
- SIM

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til kommunestyret etter kvart.

PS 20/24 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll innan
2. Vedtaket vert gjort med atterhald om at plan for vert vedteken av kommunestyret 30.05.2024, alternativt 17.06.2024.
3. Revisor vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. Dersom kommunestyret vel eit anna prosjekt som nr. 1, er det ønskjeleg at revisor lagar forslag til prosjektplan for dette i staden.

4. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 03.09.2024
5. Prosjektplanen skal behandlast i møte i kontrollutvalet 24.09.2024.

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalet sine medlemmer diskuterte seg fram til eit felles forslag.

Utvalet var einige om å bestille forvaltningsrevisjon innan rus og psykisk helse og ønska ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan fagfeltet basert på moment som kom fram i risiko- og vesentlegvurdering og utkast til plan for forvaltningsrevisjon.

Det var ønskjeleg at kommunestyret handsamar plan for forvaltningsrevisjon fortrinnsvis i møte 30.05.2024, alternativt i møte 17.06.2024.

Forslaget til vedtak med dei endringar som kom fram i møtet, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan rus og psykisk helse.
2. Vedtaket vert gjort med atterhald om at plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken av kommunestyret 30.05.2024, alternativt 17.06.2024.
3. Revisor vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. Dersom kommunestyret vel eit anna prosjekt som nr. 1, er det ønskjeleg at revisor lagar forslag til prosjektplan for dette i staden.
4. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 03.09.2024
5. Prosjektplanen skal behandlast i møte i kontrollutvalet 24.09.2024.

PS 21/24 Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge, oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektør når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet er av den oppfatning at kommunedirektør har gjort god nytte av forvaltningsrevisjonen, og at forslag til tiltak følgjast godt opp.
3. Kontrollutvalet er trygg på at den vidare oppfølginga av forvaltningsrevisjonen skjer utan at utvalet i nær framtid treng fleire orienteringar om saka.

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om sitt forslag til vedtak.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektør når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet er av den oppfatning at kommunedirektør har gjort god nytte av forvaltningsrevisjonen, og at forslag til tiltak følgjast godt opp.
3. Kontrollutvalet er trygg på at den vidare oppfølginga av forvaltningsrevisjonen skjer utan at utvalet i nær framtid treng fleire orienteringar om saka.

PS 22/24 Kurs i regi av Deloitte hausthalvår 2024

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre kurs med tema:
2. Tidspunkt for gjennomføring av kurs:
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurs, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om avtalen med Deloitte og reserverte lokale til komande kontrollutvalsmøte.

Utvalseiar gjekk gjennom dei to føregåande kursa og opna for innspel på kurs til hausten, med dei to møta til hausten som aktuelle datoar.

Forslag som blei fremma:

- Habilitet
- Klimarisiko og klimabudsjett

Utvalet blei einige om å bestille kurs i habilitet. Det er ønska at varamedlemmer får tilbod om å delta.

Vedtak

- Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre kurs med tema: habilitet
- Tidspunkt for gjennomføring av kurs: 24.9.2024
- Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurs, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

PS 23/24 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det blei i møtet gjennomgått følgjande møteprotokollar:

- Kommunestyret
- Formannskapet
- Utval for oppvekst og kultur (representant med ansvar har forfall)

I tillegg blei komande møte i Utval for byutvikling diskutert.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 24/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det blei stilt spørsmål om sak om svikt ved postlistene, ref Stord 24, 23.4.2024. Kontrollutvalet ønsker å invitere kommunedirektøren til å orientere i septembermøtet om bakgrunn for hendinga.

Det blei gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet ber kommunedirektør kome i kontrollutvalet sitt møte 24.9.24 og gje ei munnleg orientering om brot på personvern i postlistene.

RS 10/24 Saksprotokoll frå KST 25.04.24 - Kontrollutvalet - årsmelding 2023

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ingen tok ordet i saka.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 11/24 Statsforvaltaren i Vestland - budsjettbrev 2024 Stord kommune

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Måltal for gjeldsbelastinga blei diskutert.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 12/24 Nytt fra FKT april 2024

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ingen tok ordet i saka.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

PS 25/24 Ekstern revisor ny konkurranse - fullmakt til kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Stord kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå

konkurransen, er revisor fom. 01.07.2025. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument
- Knytte til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Saksprotokoll 15.05.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om saka.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Stord kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2025. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.
- Knytte til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/469-10

Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	26/24	24.09.2024

Kommunedirektøren orienterer om postlistene i Stord kommune

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Denne orienteringssaka kjem opp etter initiativ frå kontrollutvalet i møte 15.05.24. Dette er tredje gongen rådmann / kommunedirektør er beden om å orientera kontrollutvalet etter hendingar med svikt ved postlistene relatert til sensitiv informasjon. Kommunedirektøren er beden om å orientera.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 15.05.2024, sak PS 24/24 – Eventuelt, kom dette opp:

«Det blei stilt spørsmål om sak om svikt ved postlistene, ref Stord 24, 23.4.2024. Kontrollutvalet ønsker å invitere kommunedirektøren til å orientere i septembermøtet om bakgrunn for hendinga.»

Kontrollutvalet fatta slik samrøystes vedtak:

«Kontrollutvalet ber kommunedirektør kome i kontrollutvalet sitt møte 24.9.24 og gje ei munnleg orientering om brot på personvern i postlistene»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dette er tredje gongen kontrollutvalet har bede om informasjon gjeldande svikt med postlistene.

1) Møte 20.04.23 – sak PS 17/23 Eventuelt – underpkt. A.

Konstituert rådmann, Mariann J. Hilt, gav informasjon i møtet. Denne vert ettersendt til kontrollutvalet, og inneheldt bl.a. slik informasjon:

Kva hende?

Dokument vart sendt elektronisk til Statsforvaltaren gjeldande ein tenestemottakar. Saka var ikkje gradert som unntatt offentlegheita ved oversending. Det gjorde at dokumenta vart publisert på postlista til Stord kommune

- Sendinga inneheldt dokument med personsensitiv informasjon.

Opplysningane var knytt til eit godkjent tvangsvedtak etter helse- og omsorgstenestelova overfor tenestemottakar. Det er krav til føring av journal når tvang vert gjennomført, jf. § 9-10. Det var denne journalen som ved ein feil vart gjort offentlig. Namn, personnummer og særleg kategoriar personopplysningar (personsensitiv informasjon) som gjeld tenestemottakar vart publisert.

Oppfølging – tiltak:

- Oppdaterte prosedyrar - ved behov
- Risikoanalyse einingsleiarar på utvalde tema - årleg
- Leiarane gjennomfører i eininga si med tilsette
- Leiinga si gjennomgang - årleg
- Tryggleiksmånad - oktober - med tryggleikskampanje retta mot alle tilsette
- Ved tilsetjing - e-læring om informasjonstryggleik mm

2) Møte 06.12.23 – sak PS 43/23.

Dette vart protokollert under behandling i møtet:

Kommunedirektør Tommy Johansen var tilstades. Personal- og organisasjonssjef Siren Eldøy Hinderaker orienterte kontrollutvalet, og var bl.a. innom dette:

- Postlister vert publisert kvar dag.
- Det er to uavhengige "trinn" før utlegging på postlista. Ved eit høve var det menneskeleg svikt i begge "trinna" som gjorde at sensitiv informasjon om eit barn låg ute nokre få timar

ei helg før kommuneadm. fekk skjerma dette. Kartlegging syner at svært få var inne på kommunen si heimeside den tida informasjonen låg ute.

- Datatilsynet vart som rutinen er varsla innan 72 timar, og kommunen informerte mor til barnet.
- Rutinane er styrka, bl.a ved u.off. mappestruktur gjeldande slike opplysningar, for å hindra at tilsvarande skjer igjen.
- Datatilsynet har avslutta saka, og la til grunn at det var gjort naudsynte grep.

3) Møte 24.09.24 (Dette møtet)

Kommunedirektøren vart 16.05.24 invitert til å gje ei orientering til kontrollutvalet frå møtestart 24.09.24 kl. 14.00.

Sekretariatet ser av «Stord24» sin omtale at dette skal gjelda eit barnehagebarn, at ni dokument, som var knytt til eit tvangsvedtak, låg ute på postlistene, utan noko form for sladding.... og at dette skuldast ein teknisk feil.

I skrivande stund er det ikkje motteke opplysning om kven som kan gje informasjon på møtet.

Konklusjon

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak. Kontrollutvalet kan td. velja å ta informasjonen til orientering. Det avheng ikkje minst av kva informasjon som blir gjeve i møtet.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/476-25
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	27/24	24.09.2024

Revisjonsplan og risikovurdering i høve etterlevingskontroll 2024 for Stord kommune**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå Deloitte til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimisrevisjonsrapport 2024 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 04.12.2024 med frist for levering til sekretariatet 15.11.2024.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2024 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Samandrag

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. I denne saka skal den valde revisor, Deloitte AS, presentere sin plan for gjennomføring av rekneskapsrevisjonen, kva som er gjort av rekneskapsrevisjon så langt og risiko- og vesentlegvurdering dei har føreteke om forenkla etterlevingskontroll for 2024.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Stord kommune - Revisjonsplan og risikovurdering 2024.pdf
- 2 Stord kommune - Risiko-og vesentlighetsvurdering FEØ 2024.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune har m.a. ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen på ein tryggande måte. Denne saka er ein lekk i oppfølginga av dette.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. Kommuneleva § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet som lyd m.a. slik

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak»

På bakgrunn av punkt b) over står det dette i kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Vidare går det fram av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»

Vurderingar og verknader

Etter sekretariatet si oppfatning er Deloitte sin revisjonsplan 2024 og revisor si risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevingskontroll for 2024 to sider av same sak. Det er difor naturleg at desse to tilhøva vert handsama i same sak.

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan, informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt og risiko- og vesentlegvurdering i høve forenkla etterlevingskontroll som skal utførast i 2024, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskarar vert revidert på ein tryggande måte. Sekretariatet har motteke frå Deloitte «Revisjonsplan og risikovurdering 2024», vedlegg 1. Vidare har vi motteke dokumentet «Risiko- og vesentlighetsvurdering forenklet etterlevelseskontroll - 2024», vedlegg 2. Dette vil danna utgangspunkt for presentasjon og diskusjon i møtet.

Registrerte at sistnemnte vedlegg er på bokmål. Viser til avtale – kravspesifikasjon pkt. 6: «... Oppdragsgjevar nyttar nynorsk som målform. Rapportar ol. skal difor skrivast på nynorsk. Som hovudregel skal korrespondanse med oppdragsgjevar skje på nynorsk.»

Når det gjeld kontrollutvalet sitt ansvar i høve kommunelova § 24-9 om forenkla etterlevingskontroll er det naturleg at Deloitte legg fram sin uttale om resultatet av denne i same møte som årsrekneskapen for 2024 skal handsamast, normalt i mai-møtet i 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimisrevisjonen som skal gjennomførast denne hausten og i etterlevingskontrollen, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset dei endelege fokusområda.

Etter planen skal interimisrevisjonsrapport leggjast fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 04.12.2024.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at interimisrevisjonsrapport 2024 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 04.12.2024, med frist for levering til sekretariatet innan 15.11.2024.

Det vert også tilrådd at kontrollutvalet ber om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2024 skal handsamast, normalt i mai-møtet i 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.



Revisjonsplan og risikovurdering 2024

Stord kommune

Revisjonsplan

Stord kommune 2024


September

Oktober

November

Mars/April

April/Mai



Revisjonsplan, risikovurdering
revisjon og risiko- og
vesentlegheitsvurdering
forenkla etterlevingskontroll
med økonomiforvaltninga vert
handsama i kontrollutvalet
Møte med administrasjonen
om rutiner og forbedringer.

Interimrevisjon

Oppstartsmøte med rådmann og
administrasjon
Kartlegging av rutiner og testing av
kontrollar
Detaljkontrollar inntekter og
utgifter

Oppsummering
interimrevisjon vert
handsama i
kontrollutvalget

Årsoppgjer

Balansepostar
Årsmelding
Konsolidert rekneskap
Forenkla etterlevingskontroll
økonomiforvaltning

Årsmelding, årsrekneskap,
revisjonsmelding,
revisjonsrapport og uttale
frå forenkla
etterlevingskontroll med
økonomiforvaltninga vert
handsama i kontrollutvalet

Attestasjonar

Risikovurdering

Stord kommune 2024

● Lav
 ● Middels
 ● Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Inntekter	Predefinert høg risiko knytt til inntekter. Mange transaksjoner av ulik art og mogleg incentiv for mislegheiter knytt til inntektsføring.	●
Meirverdiavgift	Komplisert regelverk, mange transaksjonar, mange tilsette involvert i prossesering av inngåande faktura og utfakturering. Risiko for forelding ved meirverdiavgiftskompensasjon og at kommunen urettmessig gjer krav på kompensasjon.	●
Pensjon	Vesentlege forpliktingar og midlar, kompliserte regelverk og rekneskapsmessig behandling, viktig for den enkelte tilsett at opplysingar er korrekt registrerte hos pensjonsleverandør.	●
Skillet investering/drift	Forskrift og standard regulerar avgrensing. Vesentleg for adgang til lånefinansiering.	●
Utgifter	Risiko knytt til regelverk for offentleg anskaffing og mange tilsette involvert i prosessering av inngåande faktura.	●
Anleggsmidlar	Vesentlege verdjar. Risiko for feilaktig aktivering og manglande avskrivingar. Store investeringar.	●

Risikovurdering

Stord kommune 2024

● Lav
 ● Middels
 ● Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Bank	Risiko knytt til tilgong til bankkontoar og utbetalingsrutiner.	●
Låneopptak	Låneopptak vert regulert av kommunelov og heradsstyret sitt budsjettvedtak. Minimumsavdrag viktig storleik.	●
Bundne fond	Risiko for at avsetjing og bruk ikkje er iht. lov, forskrift eller gjevar sine vilkår.	●
Avslutting av regnskapet	Risiko for feil bruk av strykingsregler	●
Offentlege avgifter	Mangelfulle avstemmingsrutiner i 2022.	●
Reiseutgifter	Ikkje vesentlege avvik seinare år.	●

Risikovurdering

Stord kommune 2024

● Lav

● Middels

● Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Løn	Svært mange transaksjonar gjev liten risiko for vesentlege feil. Velfungerande prosess og kontrollar.	●
Aksjar og andelar	Risiko for verdsetjing.	●
Andre kortsiktige fordringar	Risiko for eksistens og verdsetjing.	●
Annan kortsiktig gjeld	Risiko for fullstendigheit.	●
Leverandørgjeld	Risiko for fullstendigheit og periodisering (sett i samanheng med periodisering utgifter).	●
Kundefordringar	Fordringsmasse består av mange mindre fordringar, liten risiko for vesentlege feil. Rutiner for purring og tapsavsetjing og tryggleik for krav gjennom legalpant for kommunale avgifter og eigedomsskatt.	●
Noteopplysingar	Risiko for at notar inneholder feil eller at forskriftsbestemte noteopplysingar manglar.	●



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee (“DTTL”). DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL and Deloitte NSE LLP do not provide services to clients. Please see www.deloitte.com/about to learn more about our global network of member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides industry-leading audit and assurance, tax and legal, consulting, financial advisory, and risk advisory services to nearly 90% of the Fortune Global 500® and thousands of private companies. Our people deliver measurable and lasting results that help reinforce public trust in capital markets, enable clients to transform and thrive, and lead the way toward a stronger economy, a more equitable society, and a sustainable world. Building on its 175-plus year history, Deloitte spans more than 150 countries and territories. Learn how Deloitte’s approximately 457,000 people worldwide make an impact that matters at www.deloitte.com.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (DTTL), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.

© 2024 Deloitte AS




Risiko- og vesentlighetsvurdering
forenklet etterlevelseskroll 2024

Stord kommune


Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen 2024

Risiko- og vesentlighetsvurdering

- ① Utlån - startlån
- ② Investeringsprosjekter
- ③ Selvkost
- ④ Offentlig støtte



© 2024 Deloitte AS



- Utlån startlån MNOK 508 per 31.12.2023
- 12% økning i utlån siden 2022
- Etterspørsel og risiko økt jf. den makroøkonomiske utviklingen
- Outsourcet tjeneste, Intrum

«Hvordan sikrer Stord kommune tilfredsstillende internkontroll på utlån?»



Saksframlegg

Saksnr: 2024/98-5
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	28/24	24.09.2024

Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 03.10.2024. Dersom det er naudsynt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 30.04.2024, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i maimøtet i 2025.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til vedlagte forslag til prosjektplan frå Deloitte på kva forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune bør innehalda og korleis dei har tenkt å gjennomføra arbeidet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1

Prosjektplan.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I sak PS 20/24 i møte i kontrollutvalet i Stord kommune 15.05.2024 vart dette protokollert:

«Behandling i møte

Utvalet sine medlemmer diskuterte seg fram til eit felles forslag.

Utvalet var einige om å bestille forvaltningsrevisjon innan rus og psykisk helse og ønska ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan fagfeltet basert på moment som kom fram i risiko- og vesentlegvurdering og utkast til plan for forvaltningsrevisjon.

Det var ønskjeleg at kommunestyret handsamar plan for forvaltningsrevisjon fortrinnsvis i møte 30.05.2024, alternativt i møte 17.06.2024.

Forslaget til vedtak med dei endringar som kom fram i møtet, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan rus og psykisk helse.
2. Vedtaket vert gjort med atterhald om at plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken av kommunestyret 30.05.2024, alternativt 17.06.2024.
3. Revisor vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. Dersom kommunestyret vel eit anna prosjekt som nr. 1, er det ønskjeleg at revisor lagar forslag til prosjektplan for dette i staden.
4. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 03.09.2024
5. Prosjektplanen skal behandlast i møte i kontrollutvalet 24.09.2024.»

I sak PS 60/24 i møte i kommunestyret i Stord kommune 17.06.2024 vart dette vedteke i pkt. 1 av i alt 5 vedtakspunkt:

«Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.»

Det inneber at forvaltningsrevisjon innan rus og psykisk helse også er kommunestyret sitt ønskje om kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen bør starta opp med.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar medan det er kommunestyret som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-3 og § 23-5.

Vurderingar og verknader

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan vedr. forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune. Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Stord kommune har ei føremålstenleg organisering av psykisk helse- og rustenester for å sikre eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod for menneske med samansette rus- og/eller psykiske helseutfordringar.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1) I kva grad har Stord kommune etablert ei systematisk styring av psykisk helse- og rustenestene i kommunen? Under dette:
 - a) Har Stord kommune etablert mål for arbeidet retta mot personar med utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rus, og i kva grad blir måla følgt opp?
 - b) Er oppgåver og ansvar innan psykisk helse- og rustenester tydeleg fordelt (inkludert forløpskoordinering)?
 - c) Har kommunen oversikt over eigen kompetanse og eventuelle noverande og framtidige kompetansebehov, samt ein plan for å sikre nødvendig kompetanse innan psykisk helse- og rustenester for vaksne med samansette rus- og/eller psykisk helseutfordringar?
- 2) Legg organiseringa av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune til rette for heilskapelege og koordinerte tenester til personar med samansette utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse? Under dette:
 - a) Er det etablert tilstrekkeleg samhandling mellom dei kommunale tenestene som arbeider med denne brukargruppa?
 - b) Er det etablert system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg samarbeid mellom psykisk helse- og rusteneste og spesialisthelsetenesta (t.d. DPS og sjukehus) til dømes ved utskriving av pasientar?
- 3) Blir det gjennomført tilstrekkeleg kartlegging og etablert plan for oppfølging av brukarar som sikrar tilpassa tenester? Under dette:
 - a) Er det etablert felles system og rutinar for innhenting informasjon ved kartlegging av nye brukarar?
 - b) I kva grad er det nytta individuelle planar, ansvarsgrupper eller andre relevante tiltak for samordning og koordinering av tenester for brukarar med samansette lidingar?
 - c) I kva grad får brukarane tenester dei har vedtak på (til dømes buoppfølging)?
- 4) Har kommunen etablert system og rutinar for å sikre medverknad frå brukarar og eventuelle pårørande innan psykisk helse- og rustenester? Under dette:
 - a) I kva grad er det lagt til rette for at brukarane av psykisk helse- og rustenestene, og eventuelle pårørande, kan medverke ved tildeling og evaluering av tenester til den enkelte brukar?
 - b) I kva grad er det etablert system og rutinar for å hente inn erfaringar med tenestene og innspel til forbetring av tenestene frå brukarar og pårørande?

Deloitte har definert slik avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å gjelde Stord kommune sine psykisk helse- og rustenester for vaksne med alvorlege og langvarige psykisk helse- eller rusmiddelproblem som opptre åleine eller saman (ROP lidingar), og omhandlar ikkje eventuelle førebyggings- eller oppfølgingstilbod for barn og unge eller vaksne med milde og/eller kortvarige utfordringar knytt til psykisk helse eller rusmiddelproblem. Forvaltningsrevisjonen vil vidare ikkje omfatte behandling eller tilbod frå fastlegar, spesialisthelsetenestene eller eventuelle private behandlingsinstitusjonar eller butilbod.

Metode

Deloitte vil nytta dokumentanalyse, intervju, stikkprøvekontroll, analyse av statistikk samt verifisering og høyring som metode.

Dessutan vert forvaltningsrevisjonen utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet godkjenner den føreslåtte prosjektplanen slik den no ligg føre.

Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjent inntil det timetal som går fram av prosjektplanen. Videre bør det aksepterast opsjon på ev. presentasjon av revisjonsrapporten for Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.



Forvaltningsrevisjon | Stord kommune

Psykisk helse- og rustenester

Prosjektplan

September 2024

«Forvaltningsrevisjon av psykisk
helse- og rustenester -
prosjektplan»

September 2024

Prosjektplanen er utarbeidd for
Stord kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Føremål og problemstillingar	2
2	Revisjonskriterier	4
3	Metode	10
4	Tid og ressursbruk	11

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 15.05.2024, sak PS 20/24, utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune.

Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester er prioritert som første prosjekt i kontrollutvalet sin plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028 som blei vedtatt av kommunestyret i Stord kommune i sak 60/24 i møte 17.06.2024.

I årsmeldinga for kommunen for 2023 går det mellom anna fram at eining for psykisk helse og rus opplever eit auka press på tilbod om tenester og at det er ein større del menneske med samansette rus- og/eller psykisk helseutfordringar som har behov for oppfølging frå kommunen. I risiko- og vesentlegvurderinga gjennomført i samband med planarbeidet til kontrollutvalet i 2024 blir det vidare vist til at det er utfordringar når det gjeld kartlegging av nye brukarar i kommunen, noko som også blir påpeikt i eit tilsyn med kommunen knytt til tenester til personar med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning i 2018.¹

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Stord kommune har ei føremålstenleg organisering av psykisk helse- og rustenester for å sikre eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod for menneske med samansette rus- og/eller psykiske helseutfordringar.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

- 1) I kva grad har Stord kommune etablert ei systematisk styring av psykisk helse- og rustenestene i kommunen? Under dette:
 - a. Har Stord kommune etablert mål for arbeidet retta mot personar med utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rus, og i kva grad blir måla følgt opp?
 - b. Er oppgåver og ansvar innan psykisk helse- og rustenester tydeleg fordelt (inkludert forløpskoordinering)?
 - c. Har kommunen oversikt over eigen kompetanse og eventuelle noverande og framtidige kompetansebehov, samt ein plan for å sikre nødvendig kompetanse innan psykisk helse- og rustenester for vaksne med samansette rus- og/eller psykisk helseutfordringar?
- 2) Legg organiseringa av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune til rette for heilskaplege og koordinerte tenester til personar med samansette utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse? Under dette:
 - a. Er det etablert tilstrekkeleg samhandling mellom dei kommunale tenestene som arbeider med denne brukargruppa?

¹ Helsetilsynet. Rapport frå tilsyn med Stord kommune. Helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV til personar med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning 2018. Gjennomført av Fylkesmannen i Hordaland. Datert 04.04.2018.

- b. Er det etablert system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg samarbeid mellom psykisk helse- og rusteneste og spesialisthelsetenesta (t.d. DPS og sjukehus) til dømes ved utskriving av pasientar?
- 3) Blir det gjennomført tilstrekkeleg kartlegging og etablert plan for oppfølging av brukarar som sikrar tilpassa tenester? Under dette:
 - a. Er det etablert felles system og rutinar for innhenting informasjon ved kartlegging av nye brukarar?
 - b. I kva grad er det nytta individuelle planar, ansvarsgrupper eller andre relevante tiltak for samordning og koordinering av tenester for brukarar med samansette lidingar?
 - c. I kva grad får brukarane tenester dei har vedtak på (til dømes buoppfølging)?
- 4) Har kommunen etablert system og rutinar for å sikre medverknad frå brukarar og eventuelle pårørande innan psykisk helse- og rustenester? Under dette:
 - a. I kva grad er det lagt til rette for at brukarane av psykisk helse- og rustenestene, og eventuelle pårørande, kan medverke ved tildeling og evaluering av tenester til den enkelte brukar?
 - b. I kva grad er det etablert system og rutinar for å hente inn erfaringar med tenestene og innspel til forbetring av tenestene frå brukarar og pårørande?

1.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å gjelde Stord kommune sine psykisk helse- og rustenester for vaksne med alvorlege og langvarige psykisk helse- eller rusmiddelproblem som opptrer åleine eller saman (ROP lidingar), og omhandlar ikkje eventuelle førebyggings- eller oppfølgingstilbod for barn og unge eller vaksne med milde og/eller kortvarige utfordringar knytt til psykisk helse eller rusmiddelproblem. Forvaltningsrevisjonen vil vidare ikkje omfatte behandling eller tilbod frå fastlegar, spesialisthelsetenestene eller eventuelle private behandlingsinstitusjonar eller butilbod.

2 Revisjonskriterier

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere nødvendig for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Internkontroll

Kommunelova § 25-1 slår fast at kommunedirektøren har ansvar for internkontrollen i kommunen og at internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhald. I samsvar med § 25-1 skal kommunedirektøren:

- a) utarbeide ei skildring av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten tydeleggjer kva plikter kommuneleiinga har når det gjeld planlegging, gjennomføring, evaluering og korrigerings av helse- og omsorgstenestene. Når det gjeld planlegging, skal kommunen mellom anna ha oversikt og skildre verksemda sine mål, oppgåver, aktivitetar og organisering. Det skal vere tydeleg korleis ansvar, oppgåver og mynde er fordelt og korleis det vil bli arbeidd systematisk for kvalitetsforbetring. Kommunen er vidare ansvarleg for å hente inn tilstrekkeleg informasjon, ha oversikt over relevant regelverk o.l., ha oversikt over kvar i verksemda det er risiko for svikt eller mangel på etterleving, og ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring.

2.3 Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester

Etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1 første ledd skal kommunen sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. I andre ledd i same paragraf går det fram at kommunen sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, inkludert personar med psykisk sjukdom og rusmiddelproblem.

Kommunane står i utgangspunktet fritt til å organisere tenesteapparatet slik dei sjølve meiner er mest føremålstenleg, men dei har ansvar for å samordne tenestene sine. § 3-4 i helse- og omsorgstenestelova set krav til at dei kommunale helse- og omsorgstenestene skal samarbeide med andre tenesteytarar dersom samarbeid er nødvendig for å gi pasienten eller brukaren eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.

Regjeringa har i 2023 presentert Opptrappingsplan for psykisk helse (2023-2033)², og har med denne planen valt ut tre innsatsområde for tiårs-perioden: 1) helsefremmande og førebyggjande psykisk helsearbeid, 2) gode og tilgjengelege tenester der folk bur og 3) tilbodet til personar med langvarige og samansette behov. Under kvart av innsatsområda er det utvalde tematiske område med tiltak. Det er vidare etablert 8 resultatmål for perioden, mellom anna

² Helse og omsorgsdepartementet. Meld. St.23. Opptrappingsplan for psykisk helse (2023 – 2033). Melding til Stortinget. Tilråding frå Helse- og omsorgsdepartementet 9. juni 2023, godkjent i statsråd same dag.

at innbyggjarane i alle kommunar har tilgang til kunnskapsbaserte lågterskeltilbod innan psykisk helse og rus.

2.3.1 Forsvarlege tenester

I § 4-1 i helse- og omsorgstenestelova blir krav til forsvarlege helse- og omsorgstenestene i kommunen omtalt. Her går det fram at kommunen skal leggje til rette tenestene på ein måte som gjer at personell som utfører tenestene skal vere i stand til å overhalde sine lovpålagte plikter og at tilstrekkeleg fagkompetanse blir sikra i tenestene (§ 4-1 d).

Lov om helsepersonell § 4 omhandlar forsvarlegheit. Her går det fram at

Helsepersonell skal utføre sitt arbeid i samsvar med de krav til faglig forsvarlighet og omsorgsfull hjelp som kan forventes ut fra helsepersonellens kvalifikasjoner, arbeidets karakter og situasjoner for øvrig.

Vidare går det fram at § 16 at

Virksomheter som yter helse- og omsorgstjenester, skal organiseres slik at helsepersonellet blir i stand til å overholde sine lovpålagte plikter.

I forskrifta om leing og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenestene går det vidare fram at verksemda skal sørge for at medarbeidarar i verksemda har nødvendig kunnskap om og kompetanse i det aktuelle fagfeltet, relevant regelverk, retningslinjer, rettleiarar og styringssystem.

I Helsedirektoratet sin rettleiar til forskrifta³ blir det vist til at det er øvste leiar sitt ansvar å sørge for eit system som sikrar at medarbeidarane har kunnskap og ferdigheiter til å utføre oppgåvene sine, og at dette føreset at verksemda jamleg gjennomfører kartlegging av kompetanse, rekrutterer medarbeidarar med rett kompetanse og sørger for at dei får tilstrekkeleg opplæring og etter- og vidareutdanning.

2.4 Tenestetilbod til personar med utfordringar knytt til rus- og psykisk helse

Helsedirektoratet presiserer at kommunen har ansvar for at innbyggjarar som har eit rusmiddelproblem og/eller psykiske problem og lidingar får utgreiing, diagnostisering og behandling. Ved behov skal kommunen vise brukarane til spesialisthelsetenesta.⁴

I Helsedirektoratet sin rettleiar i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne⁵ blir det gjort greie for korleis tenester kan leggst til rette for personar med psykiske helseproblem og/eller rusmiddelproblem.⁶ Helsedirektoratet har valt å inndele problema i tre hovudforløp for å lette framstillinga:

- Hovudforløp 1: milde og kortvarige problem
- Hovudforløp 2: kortvarige alvorlege problem/lidingar og langvarige mildare problem/lidingar
- Hovudforløp 3: alvorlege langvarige problem/lidingar

³ Helsedirektoratet. Ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten. Veileder til lov og forskrift. Publisert 17.02.2017. Sist faglig revidert 29.10.2018.

⁴ <https://helsedirektoratet.no/folkehelse/psykisk-helse-og-rus/lokalt-psykisk-helsearbeid-og-rusarbeid#-hva-er-kommunens-ansvar?>

⁵ Helsedirektoratet. Sammen om mestring. Veileder i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for voksne. Et verktøy for kommuner og spesialisthelsetjenesten. 2014. Det er en pågående revisjon av denne rettleiaren. Rettleiaren vil bli ertstatta av den reviderte utgåva, «Nasjonal veileder i lokalt psykisk helse- og rusarbeid for voksne», når denne er ferdig handsama.

⁶ Det blir peikt på at omfanget av samtidige problem, samanhaldt med at rusrelaterte problem og psykiske helseproblem står ovanfor mange av dei same utfordringane, gjer det naturleg å sjå dei to områda i samanheng

Dei tre hovudforløpa skil seg frå kvarandre med omsyn til problemet sin art, alvorlegheitsgrad og varigheit, relevante mål og tiltak, ansvars plassering og samarbeidsrelasjonar.

Når det gjeld pasientar innan hovudforløp 3 blir det mellom anna vist til at heilskapleg kartlegging dannar grunnlaget for lokalt arbeid. Kartlegginga bør omfatte somatiske og psykososiale forhold, i tillegg til psykiske helseproblem og rusmiddelproblem. Det blir også vist til at både kommunen og spesialisthelsetenestene har eit ansvar for kartlegging.

Når det gjeld behandling, oppfølging og rehabilitering av brukarar innanfor hovudforløp 3, så blir det også haldt fram at :

Tidlig, god og tilpasset behandling og systematisk oppfølging kan hindre forverring av problemet/lidelsen og legge til rette for bedringsprosesser. Tidlig intervensjon ved psykiske problem og rusmiddelavhengighet bør være normen, særlig ved mistanke om alvorlige og langvarige lidelser

Sentrale aktørar i oppfølging og behandling av denne gruppa brukarar er fastlege, psykolog, NAV-kontoret, psykisk helse- og rustenesta, andre kommunale helse- og omsorgstenester og spesialisthelsetenesta. Vidare står det at brukarstyrte tilbod, ambulante og aktivt oppsøkande tenester bør nyttast for brukarar med alvorlege og langvarige lidningar. Sistnemnde tilbod bør vere eit samarbeid mellom kommunen og spesialisthelsetenesta.

I Helsedirektoratet si nasjonale faglege retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personar med samtidig ruslidning og psykiske lidning⁷ blir kommunen haldt fram som ein svært viktig arena for kontaktetablering, kartlegging, behandling og oppfølging av personar med ROP-lidningar (samtidige ruslidningar og psykiske lidningar). Retningslinja kjem med fire sentrale tilrådingar:

- Personer med akutte psykoser skal ha rett til behandling i psykisk helsevern, uavhengig av om lidelsen er rusutløst eller ikke.
- For å ivareta et sammenhengende tilbud skal den instansen som først kommer i kontakt med en person med samtidig ruslidelse og psykisk lidelse sikre at personen følges opp i forhold til begge lidelser og vurdere behovet for individuell plan.
- Selv om ansvaret plasseres ett sted, vil andre instanser også ha et ansvar. Det skal alltid etableres forpliktende samarbeid.
- Uenighet om ansvarsforhold må ikke føre til at pasienten får et dårligere behandlingstilbud og blir skadelidende.

2.4.1 Pakkeforløp for psykisk helse og rus

I september 2018 blei dei første pakkeforløpa for psykisk helse og rus lansert. Dette er ein nasjonal strategi som har som målsetting å bidra til at brukarane får ei enda betre helseteneste, og skal legge til rette for gode individuelle behandlingsforløp gjennom betre samhandling mellom sektorane, klare ansvarsforhold og gode overgangar. I nasjonal plan for implementering av pakkeforløp for psykisk helse og rus⁸ går det fram at kommunen skal sikre nødvendig oppfølging både før, under og etter behandling i spesialisthelsetenesta for pasientar med behov for koordinerte og samtidige tenester. Det blir vidare anbefalt at kommunane gjer seg kjent med innhaldet i pakkeforløpa og inngår samarbeid med spesialisthelsetenesta for å avklare rollar og ansvar i dette arbeidet.

⁷ Helsedirektoratet. Nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med samtidig ruslidelse og psykisk lidelse – ROP-lidelser. *Sammensatte tjenester – samtidig behandling*. Nasjonal faglig retningslinje. Utgitt 03/2012. Sist revidert juni 2022.

⁸ Helsedirektoratet. Nasjonal plan for implementering av pakkeforløp for psykisk helse og rus 2018-2020.

Ein forløpskoordinator skal vere med å sikre god oppfølging og tilpassa behandling av den enkelte og sikre at tenestene blir levert utan unødvendig ventetid.

Kommunane sine oppgåver i det forløpskoordinerande arbeidet i kommunen er å:

- informere, veilede og gi råd til pasient og/eller foreldre, ev. pårørende om nasjonale pasientforløp psykisk helse og rus
- samarbeide med forløpskoordinator i spesialisthelsetjenesten
- sikre helhetlig oppfølging med utgangspunkt i pasient/bruker mål, ressurser og behov
- sikre god samhandling mellom aktørene i helsetjenesten, samt andre relevante tjenesteytere
- sikre samordning av tjenestetilbudet
- initiere, innkalle og eventuelt lede møter knyttet til koordinering og ev. individuell plan
- følge opp, evaluere og oppdatere individuell plan
- forberede og koordinere aktuelle tiltak/tilbud i kommunen i god tid før utskrivning, mellom planlagte opphold og under poliklinisk behandling⁹

Kommunen bestemmer sjølv kvar forløpskoordinatorane skal vere forankra, og kven som skal ha denne rolla. På nettsida til kommunen skal det stå telefonnummer til forløpskoordinatorane for dei ulike nasjonale pasientforløpa.

2.4.2 Individuell plan (IP)

Fleire lovar omtalar at personar som har behov for langvarige og koordinerte tenester, har rett til å få utarbeidd ein individuell plan (jf. Mellom anna pasient- og brukerrettighetsloven § 2-5, lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen § 28 og § 33 og arbeids- og velferdsforvaltningsloven § 15). Kommunen skal samarbeide med andre tenesteytarar om planen for å bidra til eit heilskapleg tilbod for den det gjeld.

§ 6 i forskrift om individuell plan i arbeids- og velferdsforvaltningen omtalar kommunen sitt ansvar for individuell plan:

Kommunen i arbeids- og velferdsforvaltningen har plikt til å sørge for at individuell plan etter § 1 utarbeides for tjenestemottakere med behov for langvarige og koordinerte tenester eller som er deltakere i kvalifiseringsprogram. Har tjenestemottakeren behov for tenester fra andre tjenesteytere eller etater, skal kommunen i arbeids- og velferdsforvaltningen samarbeide med disse. Kommunen i arbeids- og velferdsforvaltningen har en selvstendig plikt til å sørge for at arbeidet igangsettes uavhengig av om tjenestemottaker mottar eller har mottatt bistand fra andre deler av tjenesteapparatet

Kommunen sitt ansvar er også omtalt i forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator §16:

Kommunens helse- og omsorgstjeneste og helseforetaket har plikt til å sørge for at individuell plan etter § 1 utarbeides for pasienter og brukere med behov for langvarige og koordinerte tenester, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 7-1, spesialisthelsetjenesteloven § 2-5 og psykisk helsevernloven § 4-1.

Helsedirektoratet sin rettleiar i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne¹⁰ omtalar mellom anna ansvarsgrupper, som består av brukaren, eventuelt pårørende og dei sentrale tenesteytarane. Formålet med ansvarsgruppa er å planlegge, følge opp og samordne innsatsen frå dei involverte tenestene. Etablering av ansvarsgrupper er ikkje lovpålagt, men blir tilrådd som ei god arbeidsform når det er fleire tenesteytarar involvert og det er behov for å

⁹ Helsedirektoratet. Forløpskoordinering i spesialisthelsetjenesten og kommunen.

¹⁰ Helsedirektoratet. Sammen om mestring. Veileder i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for voksne. Et verktøy for kommuner og spesialisthelsetjenesten. 2014. Det er en pågående revisjon av denne rettleiaren. Rettleiaren vil bli ertstatta av den reviderte utgåva, «Nasjonal veileder i lokalt psykisk helse- og rusarbeid for voksne», når denne er ferdig handsama.

koordinere innsatsen rundt den enkelte brukar. I rettleiaren blir det peikt på at forskning viser at det å etablere ansvarsgrupper er ein føremålstenleg måte å følge opp brukarane på.

Også i den nasjonale faglege retningslinja for utgreiing, behandling og oppfølging av personar med samtidig rusliding og psykisk liding¹¹ blir det tilrådd at det blir laga plan for samordning og koordinering av tenester også for dei som ikkje ønskjer individuell plan.

2.5 Brukarmedverknad

Brukaren si rett til medverknad og informasjon går fram av kapittel 3 i pasient- og brukerrettighetsloven. Det står mellom anna i § 3-1 at

Pasient eller bruker har rett til å medvirke ved gjennomføring av helse og omsorgstjenester ...

Tjenestetilbudet skal så langt som mulig utformes i samarbeid med pasient eller bruker. Det skal legges stor vekt på hva pasienten eller brukeren mener ved utforming av tjenestetilbud.

Dersom pasienten ikke har samtykkekompetanse, har pasientens nærmeste pårørende rett til å medvirke sammen med pasienten.

I § 3-3 første ledd, blir informasjon til brukaren sine næraste pårørende omtalt:

Dersom pasienten eller brukeren samtykker til det eller forholdene tilsier det, skal pasientens eller brukerens nærmeste pårørende ha informasjon om pasientens eller brukerens helsetilstand og den helsehjelp som ytes.

I forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta blir det utdjupa kva som ligg i kommunen si plikt til å evaluere helse- og omsorgstenestene (jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-1). Under § 8 bokstav d) i forskrifta står det at plikta til å evaluere verksemdas aktivitetar inneber å vurdere verksemda basert på pasientar, brukarar og pårørende sine erfaringar.

I rettleiaren til forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta¹² går det fram følgjande knytt til § 8 om "bruk av erfaringar frå pasientar, brukarar og pårørende":

Helse- og omsorgstjenestene er til for pasientene, brukerne og pårørende. Det er derfor viktig å ta utgangspunkt i deres behov og vurderinger når tjenester skal evalueres og utvikles. Hvordan virksomheten vurderes av pasienter, brukere og pårørende gir viktig informasjon om utfordringer og hvilke områder som det eventuelt må jobbes med for å bedre kvaliteten og pasient- og brukersikkerheten. Øverste leder har ansvaret for å sikre at pasienter, brukere og pårørende blir involvert i evalueringen av virksomheten. Ledelsen må systematisk gjennomgå og drøfte resultatene av faste evalueringer, som PasOpp, klager og andre tilbakemeldinger. Forbedringer som skal gjennomføres bør ta utgangspunkt i det som er viktig for pasienter, brukere og pårørende, og de bør aktivt være med i forbedringsarbeidet

I Helsedirektoratet sin rettleiar i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne blir det peikt på at brukaren sjølv skal vere den viktigaste aktøren:

- Auka brukarinnflytelse føreset at alle tenester og utøvarar har ein systematisk tilnærming til samarbeidet med brukaren, både i den enkelte si behandling/betringsprosess og i utviklinga av helse- og omsorgstenestene.
- Tilsetjing av medarbeidarar med brukarerfaring styrkar brukarperspektivet i tenestene.
- Pårørende er ein ressurs og bør møtast som ein samarbeidspartnar ut frå den rolla dei innehar, og samtidig sikrast nødvendig støtte og avlasting.

¹¹ Helsedirektoratet. Nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med samtidig ruslidelse og psykisk lidelse – ROP-lidelser. *Sammensatte tjenester – samtidig behandling*. Nasjonal faglig retningslinje. Utgitt 03/2012. Sist revidert juni 2022.

¹²Veileder til forskrift om leiing og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten. Kapittel 6.

<http://www.helsedirektoratet.no/veiledere/ledelse-og-kvalitetsforbedring-i-helse-og-omsorgstjenesten>

- Tenesteapparatet bør informere og oppmuntre brukarane til å ta kontakt med brukarorganisasjonar, brukarstyrte sentra, sjølvhjelpsgrupper eller andre frivillige organisasjonar, og eventuelt bidra til å opprette kontakten.

2.6 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Informasjon om Stord kommune og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. vil bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalde personar frå Stord kommune som er involvert i psykisk helse- og rustenester for vaksne med samansette rusutfordringar og/eller psykiske lidningar. Det vil til dømes vere aktuelt å intervjuje leiarar og tilsette i eininga for psykisk helse og rus, NAV og legetenestene. Vi tar sikte på å gjennomføre om lag 12 intervju med leiarar, tillitsvalde og tilsette i kommunen.

Revisjonen ønsker vidare å gjennomføre intervju med 1-2 brukar- eller pårøranderepresentantar i kommunen for å få innspel og tilbakemeldingar om samhandling i tenestene og brukarmedverknad.

3.3 Stikkprøvekontroll

Revisjonen vil gjennomføre stikkprøvekontroll av 5 kartleggingar av brukarar for å undersøke om dette er gjennomført i samsvar med tilrådd praksis på området og eventuelt kommunen sine eigne rutinar og retningslinjer.

Revisjonen vil også gjennomføre stikkprøvekontroll av 5 individuelle planer. I kontrollen vil vi undersøke om innhaldet i dei individuelle planane er samsvarer med krav i regelverket.

3.4 Analyse av statistikk

Revisjonen vil nytte statistikk frå KOSTRA og andre relevante kjelder (eksempelvis Helsedirektoratet sitt Kommunalt pasient- og brukarregister).

3.5 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til kommunedirektøren for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til kommunedirektøren for uttale. Kommunedirektøren sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Kjersti Gjuvsland og ein til to prosjektmedarbeidarar. Deloitte vil sette saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta inntil 365 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet og deltaking i kommunestyret.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.


Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere i starten av oktober 2024 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av april 2025. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Stord kommune og Deloitte.

Bergen, 3. september 2024



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2024 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2023/486-24
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	29/24	24.09.2024

Budsjett 2025 for kontrollarbeidet i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2025 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

Samandrag

Kontrollutvalet har ansvar for utarbeiding av forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgja innstillinga til årsbudsjett til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak i budsjettsaka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Budsjettforslag 2025 (utv.) for kontrollarbeidet i Stord kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Av forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan ein i § 2 «Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet» lesa:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Kontrollutvalet sine oppgåver: (Kommunelova)

§ 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

§ 23-3 Forvaltningsrevisjon

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

§ 23-4 Eierskapskontroll

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Av dette går det fram at utvalet har eit omfattende lovpålagt kontrollansvar på vegne av kommunestyret i Stord kommune. For at kontrollutvalet skal kunna ivareta dette kontrollansvaret

på ein tilfredsstillande måte, i tråd med lovkravet, krevst det at kommunestyret stiller tilstrekkeleg med budsjettmidler til disposisjon. Det at kontrollutvalet blir gjort i stand til å ivareta sitt kontrollansvar, bl.a. ved å få tilført tilstrekkeleg med budsjettmidlar, vil bidra til å styrka utvalet sin uavhengigheit og legitimitet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeida budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er kommunestyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet er gjeve ansvaret i høve kommunelova § 2 til å utarbeida budsjettforslag for kommunen sitt kontrollarbeid. Budsjettforslaget vert innstilt direkte til politisk organ då det er administrasjonen som i hovudsak vert gjenstand for kontroll og revisjon.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i inneverande budsjettår, samt avtale med ekstern revisor med oppstart 01.07.2021. For kommunar av Stord kommune sin storleik tilrår sekretariatet at det vert budsjettert med 400 timar til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester, i tillegg til rekneskapsrevisjon, inkl. attestasjonar mv. Planarbeid for perioden 2024 – 2028 vart utført i 2024. Det kjem ikkje kostnad med planarbeid i 2025. Mange kommunar løyver ein sum til ekstra tiltaksmidlar, som ein buffert. Det er tilrådd her og. For 2024 vart det ikkje løyvt ekstra tiltaksmidlar, men det vart avsett fondsmidlar for ferdigstilling av prosjekt som var igangsett tidlegare.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som «eit vanleg år».

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemene i kontrollutvalet er budsjettert i høve reglement.

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) er eit fagleg forum for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Stord kommune har vore medlem sidan 2009. Kontingenten, jmf. årsmøtevedtak er på kr. 10.700 for kommunar med Stord kommune sitt innbyggartal, altså same sum som i 2024. Løyvinga har over mange år kun vore nok til å dekkja halve kontingenten, men ein er jo ikkje medlem i organisasjonar eller faglege forum berre kvart vårhalvår. Det hadde vore hyggeleg om løyvinga for 2025 vart reell ift. kva kontingenten faktisk er.

For sekretariatskostnadene er avtale frå 01.01.2023 lagt til grunn. Det er lagt til konsumprisregulering ift. timetalet kontrollutvalet meinte trongst for 2024. Kvart 4. år er det konkurranseutsetting av revisjonstenester. Derfor er det og lagt inn sum for å kunna gjennomføra konkurranse for ny avtale med verknad frå 01.07.2025.

Forøvrig er det budsjettert med at medlemmar i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, samt servering på utvalsmøta. Annakvart år er det ein større fagkonferanse for kontrollutvala i tidlegare Hordaland fylke, der utvalet har vore godt representert sidan 2012, neste gong i 2026. Såleis er det ikkje budsjettert med ekstra midlar til folkevaldopplæring i 2025.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett, inkludert dei endringar som evtnt. vert gjort i møtet.

Budsjettforslag for kontrollutvalet i Stord kommune for 2025

Konto	Tekst	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Merknad
10802	Utval / leiargodtgjersle	kr 107 613	kr 107 613	kr 117 100	Utvalsleiar 10% av løn stortingsrepr
10803	Møtegodtgjersle	kr 18 599	kr 18 599	kr 23 186	Timesats 0,02% av stortingsrepr.
10804	Tapt arbeidsforteneste	kr 11 071	kr 11 071	kr 11 000	
10803	Feriepenger tapt arbeidsforteneste	kr -	kr -	kr 1 320	
	Delsum	kr 137 283	kr 137 283	kr 152 606	
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 19 356	kr 19 356	kr 21 517	
	Delsum	kr 156 639	kr 156 639	kr 174 123	
11400	Annonse	kr 5 855	kr 5 855	kr 6 000	
		kr -	kr -	kr -	
11008	Faglitteratur og abonnement	kr 2 342	kr 2 342	kr 2 400	
11152	Servering på møta	kr -	kr -	kr -	
		kr -	kr -	kr -	
11500	Kurs og etterutdanning	kr 15 704	kr 6 073	kr 17 000	
11500	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr -	kr -	kr -	Kvart 2. år: 2024 - 2026 osv.
11600	Skyss og kostgodtgjersle	kr -	kr -	kr -	
11709	Andre reiseutgifter utlegg	kr 15 051	kr 12 675	kr 16 000	
11951	Kontingentar	kr 4 567	kr 4 566	kr 10 700	Jmf. FKT årsmøtevedtak
13300	Kjøp av sekretariatstenester	kr 230 093	kr 230 093	kr 289 050	Avtale fom. 1/1-23. Kons.pris reg.
13300	Gjennomføra konk. om rev. ten.	kr -	kr -	kr 30 000	Konkurranse kvart 4. år
12702	Konsulent/rådgj.ten. (Revisjon)	kr 726 484	kr 685 484	kr 860 866	Avtale fom. 1/7-21. Kons.pris reg.
12702	Konsulent/rådgj.ten. (Revisjon)	kr -	kr -	kr -	Ikkje planarbeid i 2025
12702	Konsulentten. frå ubunde fond				
	Ekstra tiltaksmidlar	kr -	kr -	kr 30 000	
	Delsum	kr 1 000 096	kr 947 088	kr 1 262 016	
14290	Meirverdiavgift	kr 305 000	kr 151 937	kr 365 900	
17290	Moms-kompensasjon	kr -305 000	kr -151 937	kr -365 900	
		kr -	kr -	kr -	
19400	Bruk av ubunde fond				
	Total budsjettramme	kr 1 156 735	kr 1 103 727	kr 1 436 139	



Saksframlegg

Saksnr: 2023/472-6
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	30/24	24.09.2024

Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si sakliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk -> møteinnkallingar og møteprotokollar».

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har gjort vedtak i sak PS 45/23 av 06.12.2023 om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Tarjei Aamot Haga
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Randi Høgås Nesse
Utval for oppvekst og kultur	Inga Margrethe Fagerbakke
Utval for byutvikling	Nils Magne Blålid

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk behandling. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2024
Kommunestyret	30.05 17.06
Formannskapet	23.05 11.06 (18.09)
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	29.05
Utval for oppvekst og kultur	14.05 27.08
Utval for byutvikling	10.06 20.06 29.08

(Dato/ar i parentes gjeld møter der protokoll ikkje låg føre då saksframlegget vart fullført)

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt under gjennomgangen, vert det tilrådd å ta møteprotokollane til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/468-5

Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	31/24	24.09.2024

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til sjølv å ta opp saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier: «Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten».

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsama sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøking av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessutan eventuelt å få orientering frå kommunedirektøren eller andre i eit seinare møte.

Fra: Holst-Larsen, Else[eholstlarsen@DELOITTE.no]
